



BARNEHAGENETTVERKET SJUSTJERNA

Til

Kunnskapsdepartementet

Svar på høyring – forslag til endringar i barnehagelova. Om politiattest og tenestedata.

Vi viser til høyringsbrev av 1. februar 2013, med frist for merknader 28.02.2013. Kor vidt politiattest er eit godt nok verkemiddel til å hindre at personar vi ikkje ynskjer skal arbeide i barnehage, blir hindra, er ein langt breiare diskusjon. Men slik lova er i dag støttar barnehagenettverket på Søre Sunnmøre som er kommunene Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Ørsta, Volda og Vanylven, i stor grad departementet sitt forslag til endring i barnehagelova om politiattest og tenestedata.

Departementet bad om at det særskilt vart vurdert om det bør vere forbod mot å arbeide i barnehagen ved andre seksuelle lovbrøt enn det som er vist til i lovframlegget.

Barnehagenettverket på Søre Sunnmøre meiner at tredje ledd i % 19 Politiattest skal vere som fylgjer:

Personer som er dømt for seksuelle overgrep er utelukket fra fast eller midlertidig ansettelse i barnehage.

Sjølv om barnehageeigar skal vurdere om ein person er eigna eller ikkje for tilsetting i barnehagen, er det viktig at dette også kjem fram i ein slik attest.

Fosnavåg 28.02.2013

For barnehagenettverket på Søre Sunnmøre

Laila K. Solhaug
Laila K. Solhaug